



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Vernepleiar - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Meland kommune treng deg som kan gi teneste av høg fagleg kvalitet til ein ung brukar med omfattande behov for tenester. Brukaren er ei blid, livleg og sosial jente med eit høgt aktivitetsnivå.

Ho er glad i musikk og bilturar og er gjerne med på enkel fysisk aktivitet/trening, arbeid med ved o.l.

Jenta skal om nokre månader flytte i ein einebustad i nærleiken av Frekhaug og må ha ein tenesteytar hjå seg døgnet rundt. For at vi skal få god kontinuitet i den tenesta som vert gitt, trur vi at medleverturmus med arbeid fjerde kvar helg for personalet er gunstig.

På dagtid er jenta på arbeid.

Du må ha evne til å arbeide strukturert og målretta for at ho skal få ein trygg og god kvardag. Det er nødvendig med gode evner innan kommunikasjon og samhandling.

Du må ha faglege kunnskapar og erfaring med å takle utfordrande åtferd på ein god måte.

Du vil få ein unik moglegheit til å vera med å utforma tilbod, aktiviteter og rutinar med utgangspunkt i den nye bustaden i samarbeid med dei andre i arbeidslaget, brukar og pårørande. Ein i arbeidslaget vil vere primærkontakt for jenta med et særskilt ansvar for å sikre god fagleg kvalitet og kontinuitet i tenesta.

### Kvalifikasjonskrav

Off. godkjent vernepleiarutdanning, søkerar med anna relevant høgskuleutdanning kan og vere aktuelle for stillingane.

Førarkort klasse B

### Vi tilbyr

Eit godt arbeidsmiljø, spanande og utfordrande arbeidsoppgåver.

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 16.12.2018

Utlyst dato 28.11.2018

Vårref

90/18

### Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimeteneste, mobil: 994 97 611, britt.romarheim@meland.kommune.no